



Skiltet som no er kome opp i Halsabrekko(Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er no sett opp eit skilt i Halsabrekko (ovafor innkøyringa til Halsabrotet) som gjer det klart at dette er privat veg og at gjennomkøyring er forbode. Men det blir også presisert på skiltet at dette ikkje gjeld for eigarar av eigendom

Oppsittarar i området seier til uskedalen.no at dei ønskjer skiltet velkome fordi det har vore mange nestenulukker på denne strekninga på grunn av høg fart og mange turgåarar og skulebarn.

- All trafikk til Dønhaug skal altså heretter gå via brua og dalen, seier ein oppsittar.

Magne Huglen kjenner ikkje til kven som har sett opp skiltet og ønskjer å presisera at han ikkje har hatt noko med det å gjera.

- Sjølv om hovudskiltinga til Dønhaug Gjestegard er skilta frå Uskedal Bru og Kjærlandsvegen er vegen frå Texaco/Halsabrotet framleis open veg for dei som skal til Dønhaug. Dette gjeld både køyrande og gåande, seier Huglen til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen